



Nesjarane - stillar dei opp i musikk-quiz?

Systeme Nilsen står framfor ein ny, hektisk vekeinnsjurt. Det startar med quiz i kveld og her freistar drivar Morten Nilsen med ein ny vri: Det blir stilt berre musikk-spørsmål og den som stiller dei er Charles Breakspeare.. Han hadde stor suksess her i påska og no skal han spela og syngja nesten resten av veka. Han er da også eit heilt band åleine.

Charles er frå London men har budd lenge her i landet og har Jessheim som adresse for tida. Han er svært allsidig musikalsk sett men har ein spesiell kjærleik til det irske. Han har spela ved mange store høve rundt i landet, til dømes for Statoil og Hydro,

- Det skal bli interessant å oppleva quizen på ein ny måte og sett i scene av Charles, seier Morten Nilsen før start. Sist onsdag var 8 lag med og Morten har tru på at det kjem enda fleire i kveld. Han er ikkje minst spent på om suksess-laget Nesjarane stillar opp. Charles har køyrt ein slik form for quiz med suksess mange gonger.

I morgon er det ein ny skaldyraften og dermed er det duka for ein ny fulltreffar. Morten opplyser at det allereie er innteikna 85 og han trur det blir nytt rekordbesøk med 120 i lokalet. Sist torsdag var det 86 gjester.

Fredag kjem turen til gladmatkveld nummer 2 og denne gongen med omnsbakt laks på menyen. Kokk Anders Stokkebø skuffar nok ikkje denne gongen heller, men det bør' komma fleire enn dei 15 som er meldt på til no. Då det vart servert kveite for ei veke sidan kom det 20. Gladmatkvelden blir gjennomført uansett deltaking.

Laurdag blir det levande musikk frå klokka 22 med den nevnte Breakspeare som då supplerar med rytmeboks og har eit program som alle kan nynna med i.

Av Ola Matti Mathisen